

Viktige ting om norrønt språk:

Kasusendingar, ikkje ordstilling, viser kven som gjer kva med kven:

Hundr beit konung = Konung beit hundr.

Kasusnamna:

Nominativ 'nemnekasus', vanlegvis subjektskasus.

Akkusativ = "den det går ut over", jf. engelsk *accuse* og det islandske namnet *þolfall* 'tolekasus'.

Dativ jf. isl. *þágufall* av verbet *þiggja* 'ta imot'. Ofte den som har fordel av handlinga.

Genitiv "eigenus".

Samsvarsbøying / kongruens

Ungr hundr beit ungan konung.

Preposisjonar styrer kasus

Hér er hestr; um hest; frá hesti; til hests.

Verb tek objekt i ulike kasus - sjekk ordboka!

- Flest akkusativ: *Hundr beit konung*
- Dativ: *At kasta steinum.*
- Genitiv: *At sakna hennar.*

Fleirverdige verb:

- Nullverdige: *Rignir*. Ingen nominale ledd knytte til verbet.
- Einverdige: *Konungr søfr*.
- Toverdige: *Konungr laust skurðgoðit*.
- Treverdige: *Konungr gaf honum grið*.

Upersonlege konstruksjonar:

- Ofte underforstått subjekt: *Merkja skal dróttinsvikan = Merkja skal [ek] dróttinsvikan.*
- **Visse verb tek aldri subjekt:**
 - o *Mik dreymir* 'eg drøymmer', bokstavleg: '[Noko underforstått] får meg til å drøyme.'
 - o *Mér sýnisk* 'Det ser ut som' / 'Eg tykkjer', bokstavleg: '[Noko underforstått] får det til å sjå slik ut for meg.'

Konjunktiv:

- Generelt: Om noko "mindre handfast", meir hypotetisk.
 - o Indirekte tale.
 - o Etter *þó at* (*þótt*) 'sjølv om', og elles i leddsetningar; dei uttrykker atterhald.
 - o Om det hypotetiske. *If I were a rich man, men I was poor.*
- Mest i preteritum; da med i-omlyd i rotvokalen: *Ef ek væri ríkr maðr.*

Ord som *mön* f. 'man, faks': Mange ordformer med *a* i rota er parallelle i at dei får *ø*:

Det gjeld med få unntak einstavingsord.

- *mön* f. sg. nom. / akk. (jf. gen. sg. *manar*)
- *lond* n. pl. nom. / akk. (Jf. sg. *land*)
- *svørt* adj. f. sg. nom. **og** n. pl. nom. / akk. (Jf. mask. nom. sg. *svartr*.)
- *øll* determinativ f. sg. nom. **og** pl. nom. / akk. (Jf. mask. nom. sg. *allr*)
- *önnur* determinativ – " – (annarr)
Fem. sg. ubunden form er ofte lik n. pl. bunden form: (Ei) *svört mús* er som (alle) *svört húsin*; *øll músin* 'heile musa' er som *øll húsin* 'alle husa'; *øll mönin* 'heile mana' er som *øll löndin* 'alle landa'; jf. at *sögu* oblik kasus av *saga* f er som *hjörtu* N. og A. fleirtal av *hjarta* n.